

Fra: Sigmund Kvernes (Sigmund.Kvernes@sintef.no)

Sendt: 24.04.2014 23:14:42

Til: Hans Inge Gloppe

Kopi:

Emne: RE: Regionalt Næringsfond - innspel til bruk av skjønsmidlane

Vedlegg:

Hei Hans Inge.

Du skriv at eit av regionråda har kom med innspel så langt. Tek som utgangspunkt at det ikkje gjeld Gode Sirklar.

Det er likevel slik at midlane vi har rapportert for i 2013 for det meste er satsingar og aktivitetar som vi vil kontinuera eller byggja på i 2014. (Slik sett kan det henda at aktivitetane i 2013 kan oppfattast som framlegg til satsingar som vert vidareført i 2014 dersom stønaden vert på same nivå som i 2013)

Innspel til bruk av Det regionale Næringsfondet i 2014 i Sund Fjell og Øygarden:

Utvikling av nettverk for samarbeid mellom Små og Mellomstore Bedrifter (SMB) i regionen og kopling mellom desse og Utdannings- og Forskningsinstitusjonar og andre relevante aktørar i Bergensregionen for kompetanseheving og rekruttering

Dette omfattar:

- Vidareutvikling av Verkstedgruppen VNR, ei gruppe mekaniske bedrifter i regionen som driv kompetanseutvikling, og som utgjer eit forum i Vest Næringsrad. Bidrag til utvikling av Sotra Engineering AS , ein bedrift danna av medlemmer i gruppa for å tilføra ingeniørkompetanse og –kapasitet til felles leveransar til store kundar.
- Vidareutvikling av Marint Industrinettverk Vest (tidlegere Sotra Marine Industrinettverk) for felles initiativ og kompetanseutvikling til bedrifter innan marin sektor. Gode Sirklar si rolle er å fasilitera samarbeid og initiativ til kompetanseutviklande tiltak. Sikra kopling av dette nettverket til den Marine satsinga i Bergensregionen og Fiskeriforum Vest. Eventuell deltaking i Global Center of Expertise , som det er søkt om i regi av Fiskeri Forum Vest.
- Samarbeid mellom SMB - bedrifter i Øygarden for å identifisera fellestiltak og kompetansegjevande tiltak og eventuelt å formalisera nettverksamarbeid.
- Vidare utvikling av reiselivssatsinga Kysteventyret og bidra til utvikling av Reise- og handelsgruppa som no er etablert i Vest Næringsråd. (Handelsbedriftene er såleis kopla til reiselivsaktørane i VNR som vi ser på som ei klar styrkjing). Bidra til å sikra og posisjonera Kysteventyret som ein del av den framtidige reiselivsorganisasjonen i

Hordaland, koordinert med Bergen reiselivslag.

Vidare satsing på utdanning som dekkjer næringslivet i regionen sine behov på alle nivå. Halda fram med å kopla denne utdanninga til praksis i industri i regionen.

Dette omfattar:

- Sikra og bidra til styrking av ingeniørutdanninga på bachelor-/masternivå som er etablert på Straume i samarbeid med HiB og NTNU, samt kopling mellom bedrifter og utdanning på vidare- og grunnskulenivå- fleire bransjar.
- Sikra at regionens sine relevante utdanningsinstitusjonar blir ein del av Bergen Science City- satsing med omsyn til tiltaket: "Energisskular"
- Ta initiativ til å utvikla eit tilbod , primært i Vidaregåande, som er knytt både til behovet innan Marin Ingrediensiindustri, men også innan annan utvikling av industri basert på biomasse (relatert til Bioøkonomi)
- Eit nytt tiltak som er sett i gang i 2014 er satsinga "Kunnskapsbyen", som til no har vore "Straumefokusert" og utvikla denne til ei regional satsing ved å etablera ei regional gruppe med representantar frå kommunane Sund, Fjell og Øygarden som skal omfatta alle utdanningstilboda i regionen. Ein sentral problemstilling her er det store fråfallet av elevar frå regionen som går på Vidaregåande skular i Hordaland.

Vidare utvikling av eit regionalt Etablerarteneste tilbod.

- Kopla vår regionale Etablerarteneste til etablerartenesta i Business region Bergen som er i utvikling. Vidareutvikling av Etablerarforum: Her er Servicetorga i kommunane sentrale som førstelineteneste. Tiltaket vert koordinert med NAV sine roller. Gode Sirklar tilfører relevant kompetanse utanfrå.

Med venleg helsing

Sigmund Kvernes

Leiar

Gode Sirklar

Og på vegne av Sund, Fjell og Øygarden kommunar.

From: Hans Inge Gloppen [mailto:Hans.Inge.Gloppen@hfk.no]

Sent: 23. april 2014 13:42

To: sgmund.kvernes@godesirklar.no; Rune Heradstveit (Rune.Heradstveit@nordhordland.net); gunnild.utkvitne@voss.kommune.no; gro.jensen.gjerde@samarbeidsraadet-sunnhordland.no;

tone.ramsli@samnanger.kommune.no; lars.mjos@osteroyindustrilag.no
Subject: Regionalt Næringsfond - innspel til bruk av skjønsmidlane

Hei

Eg held på å skriva sak til fylkesutvalet om fordeling av regionale næringsfond 2014. Tidlegare har eg varsla at det kom til å bli endra fordelingsnøkkelen, men no ser det ut for at me går for same malen som før. Bakgrunnen for dette er at det gjeldande distriktspolitiske virkeområdet er godkjent av EFTAs overvakingsorgan, ESA, fram til 30. juni 2014. Eventuelle endringar vil først skje etter den tid.

Regionråda kan, som kjent, koma med innspel på bruk av skjønsmidlane. Med ei total løyving på 4 000 000 kroner til regionale næringsfond i 2014, skal 20 % – det vil seie 800 000 kroner – brukast som skjønnsmidlar. For inneverande år er det så langt berre eitt av regionråda som har kome med innspel. Klarer de andre å koma med innspel, på e-post, innan fredag 25/4?

Med venleg helsing

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjever

Hordaland fylkeskommune

Tlf. 55 23 92 88